

■ Jennifer og James har segla verda rundt

Førre vike var dei i Odda

Sidan 2012 har amerikanarane Jennifer og James Hamilton reist jorda rundt med båten sin MV Dirona. Førre vike var dei i Odda for andre gang.

SONDRE LINGÅS HAUKE DAL
sondre@hardanger-folkeblad.no
90013724

- Førre gong vi var i Odda var for to år sidan. Då var vi på vår første Norgestur. Då var målet å få med oss alle høgdepunkta langs norskekysten, heilt nord til Tromsø. På denne turen skal vi ha med oss absolutt alle detaljane. Vi kom til Stavanger for seks veker sidan, og har vore innom alt av fjordar på veg hit. Det er planen når vi snart skal vidare nordover herifrå og. Vi vil sjå dei delane av landet som turistar vanlegvis ikkje ser, fortel Jennifer og James Hamilton.

Førre gong dei var i Odda, let dei båten ligge att i Bergen og køyrdit i bil på ein kortare tur. No har dei fått med seg både fleire fjellturar og ein køyretur rundt i distrikket.

- Vi har gått mange fjellturar. Mellom anna har vi vore på Trolltunga og på Hovlandsnuten. Vi har også sett isbrear fra begge sider. Vi gjekk til Buerbreen ein dag, og til Fonnabru ein annan dag, fortel dei to.

Då HF besøkte dei på hamna i Odda fredag morgen, var dei til



I ODDA: Jennifer og James Hamilton på båten deira MV Dirona, ved kai i Odda sentrum.

FOTO: SONDRE LINGÅS HAUKE DAL

i ferd med å gjere seg klar til avreise vidare mot nord.

- I dag må vi bli kvitt leigebilen vi har brukt for å sjå oss litt rundt i distriktet og fylle opp att båten med matvarer og liknande. Ifølge vårmeldingane skal det vere ruskevær i dag, så då passar det fint.

Fleire havkryssingar

Dei to har mykje erfaring med båtliv. På den noverande og den førre båten deira har dei til

saman rundt 15 000 timer med motoren i gang. Med MV Dirona har dei gjennomført fleire havkryssingar med båten. Stort sett utan problem.

- Båten er bygd for å takle grov sjø, dei fleste båtar på denne størrelsen er mellom 20 og 30 tonn. Vår er 55 tonn, så den er veldig tung og stabil. Det er likevel viktig er å dra på tider som statistisk er gode. På ein tur over nordatlanten reiste vi litt tidleg på året, då fekk vi

eit par stormar som var mindre hyggelege, men elles har det gått ganske problemfritt.

Dei siste åra har dei to halde til i Europa, med segling på somrane og med båten i hamn om vinteren.

- I 2017 var vi i Irland og Skottland, i 2018 var vi i Noreg, i 2019 Sverige og Finland, og no i år tilbake til Norge.

Dei to er klare på at Norge er blant dei flottaste plassane dei har besøkt.

- Vi bur i Seattle, på nordvestkysten av USA. Det er eit fantastisk flott område naturmessig. På ei rangeringsliste over områda vi har vore i ville det fått plass på topp ti-lista. Norge er likevel betydeleg finare. Det handlar om den enorme massen med fjell, og at det går rett opp frå fjordane. I tillegg er det lite busetnad, noko som er fint, for vi likar naturen. Det er difor vi er tilbake for andre gang no.

Her får MS Lindenes nytt tak på dekk

Torsdag og fredag la medlemmar i Veteranbåtlaget MS Lindenes nytt tak på bestikkdekket på veteranskøyta.

SONDRE LINGÅS HAUKE DAL
sondre@hardanger-folkeblad.no
90013724

- Vi har hatt lyst til å gjere dette sidan vi fekk båten heim. Det gamle taket vi hadde såg ikkje ut. No har vi fått 60 000 kroner i støtte av kommunen til å bytte ut tak og «vegger» her. Dette vil både sleppe inn meir sol og gjøre det enklare å sjå ut på den fine naturen. I tillegg vil det isolere betre mot trekk, seier Kai-Inge Melkeraaen i veteranbåtlaget.

Då HF besøker dekket på MS Lindenes torsdag ettermiddag, er det kome opp eit parti med gjennomsiktig overbygg midtskip, medan resten av dekket er i ferd med å få tak av ny seglduk.

- Vi har med oss Seilmaker Iversen frå Bergen. Dei laga teltdukken som er på Almerket, og det er dei som har laga det nye taket. Det gjennomsiktige



NYTT TAK: Kai-Inge Melkeraaen og Gunnar Moland jobbar med å få på plass nytt tak på dekk.

FOTO: SONDRE LINGÅS HAUKE DAL

overbygget er det Odda Plast som har levert, forklarar Melkeraaen.

Fleire avlysingar

Sommaren 2020 såg ut til å bli ein bra sesong for veteranskøyta, som både hadde fleire bestillingar frå bryllaup og skulle vere med på siderfestivalen. På grunn av koronapandemien,

blei heile sesongen avlyst, fortel Melkeraaen.

- Alt forsvann. No håpar vi på ein betre sommar med båten neste år. Det vi held på med no vil i alle fall gjøre det meir trivelig her oppe. fargen på den nye duken står bra til resten av farpane her oppe.

I sommar har båten rett nok vore litt i bruk. Trolltunga Acti-



FERDIG RESULTAT: Bestikkdekket har fått nytt tak og nye veggar.

FOTO: KAI-INGE MELKERAAREN

ve har brukta den som omkleidingsrom og lager for si ribbåtverksem, medan Smeltehuset har hatt servering om bord.

MS Lindenes er verna, og kan difor søke om støtte til vedlikehald hos Riksantikvaren, men med over 200 verna båtar i Norge, så er det lang kø for å få midlar.

- Riksantikvaren får søkna-

der for om lag 2–300 millionar kroner kvart år, men har berre om lag 60 millionar kroner å dele ut. Då er det ikkje nok til alle. Så då blir det berre brannsløkking ein har råd til. Vi har fått eit overslag på 8–9 millionar frå fartøyvernsenteret i Norheimsund for å sette båten i stand fortel Melkeraaen.